

DRIFTSREKNESKAP PER 30.09.2017 - oppsummering

tal i 1.000 kr

Ten. omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå. 2017	Budsjett 2017 (totalt for året)	Forbruk i %	Prognose 2017	Forventa meirforbruk 2017
10	Politikk/Rådmannskontor	12 896	17 401	74,11	17 401	-
11	Økonomikontor	7 057	9 333	75,61	9 333	-
12	Økonomi/Finans	-324 944	-441 150	74,23	-441 150	-
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	14 697	14 731	99,77	14 731	-
14	Rådgevartenesesta ekskl. private barneh.	5 804	9 206	63,05	9 206	-
15	Private barnehagar (tilskot og adm)	59 772	83 517	74,24	83 517	-
19	PPT	1 806	2 927	61,71	2 927	-
20	Kommunal Barnehagedrift	4 949	6 517	75,94	6 517	-
21	Grasdal skule	9 682	13 299	72,80	13 299	-
23	Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	11 929	16 170	73,77	16 170	-
24	Rosslund skule	18 148	24 711	73,44	24 711	-
25	Sagstad skule	23 774	29 863	79,61	29 863	-
26	Vestbygd skule	13 330	18 258	73,01	18 258	-
30	Helse	19 865	27 489	72,26	27 489	-
35	Sosiale tenester	1 382	12 284	11,25	12 284	-
36	Barnevern	8 634	12 674	68,13	12 674	-
37	Meland Sjukeheim	33 295	41 565	80,49	41 565	-
38	Meland heimetenester	51 383	60 416	85,33	60 416	-
50	Kulturkontor	6 414	9 690	66,19	9 690	-
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	12 339	31 100	39,67	31 100	-
	SUM ALLE TENESTEOMRÅDE	-7 789	-		-	-

Etter dei vedtekne budsjettendringane gjort i samband med rapporteringa for 2. tertial melder dei fleste tenesteområda at dei ligg an til å enda opp innanfor dei vedtekne budsjetttrammene. Nokre tenesteområde melder likevel om at det kan bli meirforbruk, men at det anten er for tidleg å talfesta eller å konkludera med korvidt det faktisk vert eit meirforbruk, noko som vil bli adressert nærare i samband med rapporteringa for oktober.

Tenesterapportering pr september 2017 med oppdatert prognose.

Alle tal i heile 1000 NOK

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik budsj. - progn. 2017
10	POLITIKK/RÅDMANNSKONTOR	12 896	17 401	74,1 %	17 401	-
	Nokre postar som td. Kontorlærling og auka frikjøp av tillitsvalde i samband med kommunesamanslåing er ikkje budsjettert for i 2017, men i 2018. Skjønstilskot kr 200 000 samt refusjonar som ikkje er utbetalt endå gjer at tenesteområdet er venta å enda opp innanfor budsjetterte rammer.					
11	ØKONOMIKONTOR	7 057	9 333	75,6 %	9 333	-
	Drift pr september i rute - ingen forventa avvik. To prosjekt pågår parallelt: 1) Samordning av rutinar og prosessar i bruken av Visma Enterprise innan rekneskap og løn for alle Nordhordlandskommunane, og 2) Samkøyring av rutinar i Radøy, Lindås og Meland med tanke på samanslåing av løns- og rekneskapsfunksjonane frå august 2018. Prosjektarbeidet vil oppta mykje ressursar i 2017, men er så langt ikkje venta å føre til meirforbruk ut over budsjetterte rammer.					
12	ØKONOMI/FINANS	-324 944	-441 150	73,7 %	-441 150	-
	Det er gjort budsjettendringar i 1. halvår som følgje av endringar i rammetilskotet i budsjettavatala frå desember 2016 på Stortinget og i revidert nasjonalbudsjett våren 2017, samt høgare utbyte frå BKK enn rekna med. Auka bruk av disposisjonsfond er teke med fom. 2. tertial. Det er så langt ikkje venta nye avvik.					
13	IKT OG ANDRE INTERKOMM. SAMARBEID	14 697	14 731	99,8 %	14 731	-
	Påløpte kostnader i % av totalbudsjett er noko høge. Skuldast at lisensar m.v. vert fakturert på forskot. Avrekning for IKT-samarbeidet for 2017 kjem i 2018. Ingen hendingar så langt i 2017 som tilseier at det vil koma avvik mot budsjett.					
14	RÅDGJEVARTENESTA EKSKL. PRIVATE BARNEH.	5 804	9 206	63,0 %	9 206	-
	Lågt forbruk skuldast at større tilskotsutbetalingar for 2017 ennå ikkje er utført. Lønskostnad for tenesteområdet ligg i rute.					

Tenesterapportering pr september 2017 med oppdatert prognose.

Alle tal i heile 1000 NOK

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik buds. - progn. 2017
15	PRIVATE BARNEHAGAR (TILSKOT OG ADM)	59 772	83 517	71,6 %	83 517	-
	Nye krav i forskrifter gir barnehager og foreldre større rettar knytt til spesial pedagogiske tiltak og tilrettelegging. Dette medfører totalt sett for året eit venta meirforbruk på NOK 3,5 mill. I tillegg er utgifter på barn i andre kommuner og underbudsjettet. Momenter som motverkar dette er endra alderssamansetning i dei private barnehagane, samt budjetterte midlar til ei ny avdeling som ein truleg ikkje får bruk for. Netto verknad blir eit venta meirforbruk på 3,0 mill. Budsjettendring for desse momenta vart vedteke i samband med rapportering for 2. tertial.					
19	PPT	1 806	2 927	61,7 %	2 927	-
	Noko lågt forbruk på løner pr september grunna ubesatt stilling 1. halvår, elles normal drift. Dette vil leia til eit mindreforbruk, som pt. er for tidleg å talfesta.					
20	KOMMUNAL BARNEHAGEDRIFT	4 949	6 517	75,9 %	6 517	-
	Noko høgt forbruk på vikarpostar grunna sjukefråver, store delar av dette vil dekkast av sjukepengerefusjon. Elles normal drift og ingen særskilte merknader.					
21	GRASDAL SKULE	9 682	13 299	72,8 %	13 299	-
	Periodisert forbruk pr september er i rute. Vikarbruken er, grunna sjukdom, høgare enn budsjettet, men er pt. ikkje venta å leia til meirforbruk.					
23	MELAND UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPL.	11 929	16 170	73,8 %	16 170	-
	Usikre moment rundt elev med særskilte behov, mogleg at dette kan løysast med omdisponering av ressursar. Refusjonar som ikkje er utbetalt endå gjer at ein ventar at tenesteområdet vil enda opp innanfor ramma.					
24	ROSSLAND SKULE	18 148	24 711	73,4 %	24 711	-
	Ligg i rute iht. budsjett. Mogeleg meirforbruk til hausten grunna ekstra tiltak på alternativ opplæringsarena.					
25	SAGSTAD SKULE	23 774	29 863	79,6 %	29 863	-
	Refusjonar for gjesteevar og flyktningar (2,2 mill) som kjem mot slutten av året gjer at tenesteområdet ligg med eit høgare forbruk enn det som er normalt per sept. Inkludert desse ligg tenesteområdet i rute per september. Det er dog andre moment som td. utfordringar rundt elevar med særskilte behov samt reduserte inntekter på SFO som gjer at tenesteområdet kan gå mot eit meirforbruk mot slutten av året. Det er vanskeleg å talfesta dette per sept, men ein vil koma tilbake til dette ved rapporteringa for oktober.					

Tenesterapportering pr september 2017 med oppdatert prognose.

Alle tal i heile 1000 NOK

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik buds. - progn. 2017
26	VESTBYGD SKULE Det er venta ei auke i vikarutgifter ila. hausten, men dette er ikkje venta å leia til meirforbruk. Ligg pt. rute iht. budsjett.	13 330	18 258	73,0 %	18 258	-
30	HELSE Ein stor del av budsjettmidlane er låst i eksterne avtalar med andre kommunar (t.d. legevaktordninga) og gjennom kontraktar med private legar og fysioterapeutar, og det er difor vanskeleg å justere utgiftsnivået om det skulle verte trong for det. Finansieringa av fleire av kommunen sine kjerneoppgåver innan lovpålagde tenester er no tilskotsbasert, og ligg utanfor vedtekne budsjetttrammer. Dette gjeld psykisk helse og rus, deler av helsestasjonsverksemda, jordmortenesta og deler av fysioterapitenesta. Dette er tenester som berre kan nedjusterast dersom tilskota vert redusert. Tenesteleiar har tru på at tenesteområdet vil balansere ved årsslutt, om naudsynt med ein del reduksjonar i tenestene til hausten, dersom ekstern finansiering vert redusert. Så langt ser det på tross av usikkerheita ut til at ein kjem i mål innafør vedtekne budsjetttrammer.	19 865	27 489	72,3 %	27 489	-
35	SOSIALE TENESTER Lågt forbruk for tenesteområdet under eitt pr september, skuldast at motteke refusjon for flyktingar er større enn dei påløypte kostnadane. Meirinntekta vert avsett til fond i halvårsrekneskapen. For sosiale tenester utanom flykningområdet ligg forbruket på 68%. Utbetaling av sosialhjelp er som budsjettert. Aktivitetskravet vert praktisert strengt. Det er starta aktivitet for sosialhjelp i kommunal regi. Utviklinga i langtidsarbeidsløysa vert fulgt tett for å kunne sjå korleis dette vil påverke framtidig utbetaling av sosialhjelp. For året totalt er det venta at resultatet kjem ut som budsjettert på tenesteområdet.	1 382	12 284	11,2 %	12 284	-
36	BARNEVERN Ligg i rute iht. budsjett. Lågt forbruk skuldast ikkje motteke faktura for tiltaksplassar i 2017 endå.	8 634	12 674	68,1 %	12 674	-
37	MELAND SJUKEHEIM Meland Sjukeheim har pr 30.09.17 eit forbruk på 80,5 %. Dette er etter oppjustert budsjetttramme frå 01.07.17 og opning av 4 nye pasientrom. Sjukeheimen har hatt overbelegg ved korttidsavdelinga og dette har ført til ekstra utgifter. Natt-tenesta og korttidsavdelinga har vore i ein utfordrande situasjon med ressurskrevjande brukarar og vakante stillingar i natt-tenesta. Inntekter for langtidsopphald og korttidsopphald kjem etterskotsvis. Sjølv om dette vil balansera biletet noko ser det ut for at sjukeheimen vil få eit overforbruk ved utgangen av 2017.	33 295	41 565	80,1 %	41 565	-

Tenesterapportering pr september 2017 med oppdatert prognose.

Alle tal i heile 1000 NOK

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik budsj. - progn. 2017
38	MELAND HEIMETENESTER Vakante stillingar medfører reduserte lønnskostnader, men samstundes auka bruk av overtid. Mangel på sjukeheimplassar medfører betaling av inneliggande pasientar på sjukehus og sjukeheimplassar i andre kommunar. I sum er desse momenta venta å kunna medføra eit meirforbruk. Refusjonsinntekter for ressurskrevjande tenester er noko usikre og vert rekna ut i samband med årsoppgjæret og forbruket på heimetenestene vil gjennom året difor ligga noko høgare enn det periodisert budsjett skulle tilseia.	51 383	60 416	85,0 %	60 416	-
50	KULTURKONTOR Kultur ligg med eit lågt forbruk pr september. Dette skuldast tilskot til lag og organisasjonar som vert utbetalt i november. Forbruk på faste løner ligg i rute iht. budsjett.	6 414	9 690	66,2 %	9 690	-
60	PUK - PLAN, UTBYGGING, KOMM.TEKNIKK Lågt forbruk pr september skuldast fleire faktorar; ikkje bokførte renter og avskrivningar på sjølvkostområda, samstundes som at inntektene er bokførte. I tillegg har det vore oppsamla høg gebyrbetaling i starten av året. Vedlikehaldsbehovet på kommunale bygg og vegar er større enn det er personellmessig kapasitet til å ta unna. Mykje kunne vore gjort med eigne tilsette, men staben held ikkje tritt med volumauken i bygg og anlegg. Fleire oppgåver må utførast av private firma. BKK har varsla auka straumprisar (nettleige), noko som kan gje utslag i rekneskapen, men det er usikkert kva utfallet kan bli og prognosene er ikkje oppdatert.	12 339	31 100	39,7 %	31 100	-
60	RESULTAT/AVSETN. TIL DISP.FOND (MINUS ER OVERSKOT) Etter dei vedtekne budsjettendringane gjort i samband med rapporteringa for 2. tertial melder dei fleste tenesteområda at dei ligg an til å enda opp innanfor dei vedtekne budsjetttrammene. Nokre tenesteområde melder likevel om at det kan bli meirforbruk, men at det anten er for tidleg å talfesta eller å konkludera med korvidt det faktisk vert eit meirforbruk, noko som vil bli adressert nærare i samband med rapporteringa for oktober.	-7 789	-		-	-